



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Plan for arbeid med kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal 2011-2015

For å utvikle kvaliteten i vidaregåande opplæring vil vi vere tydelege medspelarar på vegne av fellesskapet i regionen, vere profesjonelle i alt vi gjer, fagretta, utviklingsorienterte og med tydeleg respekt for samfunnsoppdraget vi er gitt

Kvalitetsplan 2011-2015

Utfordringar for alle, gode læringsmiljø, betre gjennomføring og tettare oppfølging i vidaregåande opplæring er fanesaker i utviklingen av kvalitet i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Ei hovudmålsetting er at talet på elevar som gjennomfører vidaregåande opplæring med greidd resultat etter 5 års opplæring skal aukast frå 70% til 75% ved utgangen av planperioden.

Kvalitetsplanen er delt inn i 4 kvalitetsområde, basert på dei 7 grunnleggjande prinsippa i del 2 i læreplan for Kunnskapsløftet. Kvalitetsplanen skal følgjast opp gjennom årlege tiltaksplanar både på skole- og skoleeigarnivå.

Tilpassa opplæring som grunnlag for meistring

I den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal er det rom for alle og blikk for den einskilde

Skoleeigar sine prioriteringar:

- Ny GIV-satsingane og tiltak som gjeld tettare oppfølging skal samordnast for å sikre at elevane blir best mogleg i stand til å gjennomføre vidaregåande opplæring på normert tid
- Det skal utviklast ein modell for overgangen mellom ungdomsskolen og vidaregåande slik at ein kan sikre tettare oppfølging av elevane og gi grunnlag for tidleg innsats i den vidaregåande skolen
- Bruken av digitale verkty og læremiddel skal utviklast slik at alle elevar aktivt kan ta del i opplæringa.
- Opplæringa i fellesfaga skal vere tilpassa dei ulike utdanningsprogramma.
- Arbeide for at høgskole og universitet (høgskolen i Volda og NTNU) gjennom partnerskapsavtale legg til rette for at elevar i vidaregåande opplæring kan ta høgskole- og universitetsfag

Lærestaden skal:

- samarbeide med avgjevarskolane om overføring av elevopplysningar som har verdi for planlegging og gjennomføring av tilpassa opplæring
- kartleggje elevane sine grunnleggjande ferdigheiter ved starten av skoleåret og følgje opp elevar med fagvanskar gjennom skoleåret
- tilpasse arbeidsoppgåver og tempo til elevane sine læreføresetnader
- sikre at elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet får spesialundervisning
- tilpasse læremiddelbruken slik at ein kan få variasjon i arbeidsmåtar, læringsarena og bruken av trykte og digitale læremiddel
- styrke biblioteket sin rolle som læringsarena

Inkludering og medverknad

I den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal opplever elevane tryggheit og trivsel, i eit engasjerande og inkluderande skole- og læringsmiljø

Skoleeigar sine prioriteringar:

- Eit HMS-system for elevane blir utvikla og tatt i bruk på alle skolane. Systemet vert implementert med ein konferanse om elevane sitt skole- og arbeidsmiljø med vekt på det psyko-sosiale miljøet.
- Elevundersøkinga skal gjennomførast for alle nivå – Vg1, Vg2 og Vg3.
- Det skal gjennomførast undervisningsevaluering som omfattar alle lærarane i eit eller fleire fag

Lærestaden skal:

- aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt skolemiljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør. Krenkjande åttferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme skal ikkje tolererast
- leggje fram resultata frå elevundersøkinga i skolen sine brukarorgan – elevråd, skolemiljøutval og skoleutval – og vurdere og gjennomføre tiltak på grunnlag av undersøkinga
- leggje fram hovudresultata for skolen sin undervisningsevaluering i skolen sine brukarorgan – elevråd, skolemiljøutval og skoleutval - og vurdere og gjennomføre tiltak på grunnlag av undersøkinga

Gjennomføring og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa

Den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal skal samhandlar aktivt med lokalsamfunn og føresette, og leggje vekt på heilskap og samanheng i elevane si opplæring.

Skoleeigar sine prioriteringar:

- Skape et bærekraftig, strukturert og målretta system for samarbeid mellom ungdomsskole og vidaregåande opplæring.
- Følgje opp skolane for å leggje til rette for tidleg formidling ved å ha løpande kontakt med bedrifter og opplæringskontor
- Sørge for at skolane løpande får rapport om fomidlingsstatus til sine Vg2-elevar på yrkesfag
- Saman med NAV, kommunane og næringsliv arbeide for å gi tilbod til dei rettsungdomane som ikkje er i opplæring og ikkje er sysselsett i nokon aktivitet
- Utvikle rådgivingstenesta og karriererettleiingssystemet
- Etablere karrieresenter saman med eksterne aktørar
- Arbeide saman med opplæringskontor og arbeidsliv for at fagopplæringa kan ta aktivt del i internasjonaliseringa i den vidaregåande opplæringa

Lærestaden skal:

- samarbeide med lærebedrifter og opplæringskontor ved overgangen mellom opplæring i skole og opplæring i bedrift for elevar innafor yrkesfaglege utdanningsprogram for å gjennomføre faget Prosjekt til fordjuping og legge grunnlaget for fleire lære plassar og tidleg formidling
- Samordne nettverksarbeidet med NAV, PPT, Kommunane sine koordinerande einingar og OT når det gjeld elevar med særskilte behov for oppfølging
- samarbeide med ungdomsskolen m.a. gjennom faga Arbeidslivsfag og Utdanningsval.
- leggje til rette for eit globalt perspektiv i opplæringa

Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling

I den vidaregåande skolen i Møre og Romsdal møter elevane trygge og motiverte lærar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse, og som framstår som tydelege leiurar.

Skoleeigar sine prioriteringar:

- leggje til rette for fagleg og fagdidaktisk etterutdanning gjennom fagnettverka
- leggje til rette for vidareutdanning med ei stipendordning
- leggje til rette for eit desentralisert system for praktisk-pedagogisk utdanning av nyttilsette lærarar
- leggje til rette for kompetanseutvikling av drifts- og merkantilt personale ved skolane
- utvikle den pedagogiske og administrative leiinga i skolen
- inngå partnerskapsavtalar med høgskolar- og universitet slik at ein sikrar tilgang på kompetanse for utvikling av den vidaregåande opplæringa i fylket
- gjennomføre fylkeskonferansar på overgripende tema innafor skole- og læringsmiljø, psyko-sosialt arbeid, rådgiving, karriererettleiing, tettare oppfølging m.m.

Skolen skal:

- utvikle kompetansen til dei tilsette i samsvar med skolen sin kompetanseplan
- organisere personalet si arbeidstid på ein slik måte det gjev rom for samarbeid om planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa og for utvikling av eigen og kollektiv pedagogisk praksis